

**Avtala om Det europeiske
økonomiske samarbeidsområdet**

EØS-komiteen

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 107/2000
av 30. november 2000**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar,
prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 78/2000 av 2. oktober 2000(¹).
- 2) Kommisjonsdirektiv 2000/21/EF av 25. april 2000 om lista over fellesskapsrettsakter som er nemnd i artikkel 13 nr. 1 femte strekpunktet i rådsdirektiv 67/548/EØF(²) skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsdirektiv 2000/21/EF opphevar kommisjonsdirektiv 93/90/EØF av 29. oktober 1993 om fortegnelsen over stoffer omhandlet i artikkel 13 nr. 1 femte strekpunkt i rådsdirektiv 67/548/EØF(³), som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XV nr. 1 (rådsdirektiv 67/548/EØF) i avtala vert det gjort følgjande endringar:

(¹) TEF L 315 av 14.12.2000, s. 18, og EØS-tillegget til TEF nr. 59 av 14.12.2000, s. 17.

(²) TEF L 103 av 28.4.2000, s. 70.

(³) TEF L 277 av 10.11.1993, s. 33.

1. Nytt strekpunkt skal lyde:

“— **32000 L 0021**: Kommisjonsdirektiv 2000/21/EF av 25. april 2000 (TEF L 103 av 28.4.2000, s. 70).”
2. Femte strekpunktet (kommisjonsdirektiv 93/90/EØF av 29. oktober 1993) vert oppheva.

Artikkkel 2

Teksta til kommisjonsdirektiv 2000/21/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. desember 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkkel 4

Denne avgjerda skal kunngjera i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 30. november 2000.

For EØS-komiteen
Formann

G. S. Gunnarsson

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes E. Gerner

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.